

178

Ei borg er den eldgamle Gud !

Ei borg hev du vore, frå ætt og til ætt,  
Du Kjerlege Himmelske Fader !  
Den same, ved morgon når soli ho sprett,  
ved kveld, når i Gullglans ho glader --  
I dag som i går ! Frå år og til år !  
Frå æva til æva Du råder - !

Ei livd hev Du vore for landet vårt, Gud !  
Di signing i Noreg Du tømde:  
I livd av ditt vakthald, frå fjell og til flud,  
det grodde og spirde og blømde.  
Vårt bord og vår seng, vår åker og eng  
låg freda i livd av ditt tilsyn.

Ei livd hev Du vore for ættene, Gud,  
mot stormar som voldsomt hev herja.  
I aust og i vester, i nord og i sud  
Du stod som vår sterkaste verja.  
Vår far og vår mor, vår syster og bror  
Du vakta, og synte di misskunn.

Di trøyst hev Du ogso til folket vårt sendt.  
Du lakte, det hjarta vårt såra.  
Vår sveraste sorg Du til glæda fekk vendt,  
og turka vår bitraste tåra.  
Kvar einskild som bad, han gjorde Du glad,  
og klaga vart ombytt med lovsong.

Vår trøystar og vakt, og vår tryggaste borg  
må Du Gud i framtidi vera ! *Anden vår*  
Gje' livd i mot stormen, og ~~trøysta~~ i sorg,  
og folket i trengslone bera !  
Drag aldri di hand,  
ditt ord og di And  
attente frå folket i Noreg !

Johs. M. L. Rydland.